



Trafikksikkerhetsplan
for
Sel kommune
2012 – 2013

INNHALD

INNHALD.....	2
1. FORORD.....	3
2. VISJON OG MÅLSETJING.....	4
2.1 Visjon.....	4
2.2 Målsetjing.....	4
3. OVERSIKT OVER VEGNETTET.....	4
4. ORGANISERING AV TRAFIKKSIKRINGSARBEIDET.....	5
5. REGISTRERINGAR OG PROBLEMANALYSE.....	5
6. INNSATSOMRÅDE, TILTAK OG ANSVARLEGE.....	6
6.1 Trafikkopplæring i barnehage.....	6
6.2 Trafikkopplæring og trafikksikring i grunnskolen.....	7
6.3 Trafikksikring i vidaregåande opplæring.....	7
6.4 Helsetenesta.....	7
6.5 Frivillige organisasjonar.....	7
6.6 Eldre og funksjonshemma.....	8
6.7 Risikogrupper.....	8
6.8 Trafikksikkerheit som del av HMS-arbeidet i kommunen (internkontroll).....	8
7. HANDLINGSPLAN - FØREBYGGING.....	9
8. HANDLINGPLAN - FYSISKE TILTAK.....	10

1. FORORD

Sel kommune har hatt trafikksikkerhetsplan vedtatt av kommunestyret sidan.....

For revisjon av planen vart det sett ned følgjande administrative arbeidsgruppe:

Kari Hølmo Holen, kommunalsjef for oppvekst, kultur og næring

Tor Ivar Kvålshagen – virksomhetsleder teknisk drift

Ole Erik Bjørnstadhaugen – rektor Heidal skule

Oddny Løkken Sanden – styrar Heidal barnehage

Arbeid med rullering av planen kom i gang ved eit oppstartmøte 31.10.2011, der m.a. Trygg trafikk, Statens vegvesen, politiet, Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skole, eldrerådet, helsesøstertenesta, kulturkontoret, repr. for ledergruppa og politikarar deltok.

I planprosessen har arbeidsgruppa tatt utgangspunkt i dei som kan definerast som dei svakare gruppene i trafikken. Dette gjeld først og fremst barn, eldre og funksjonshemma. Tiltak som sikrar desse gruppene, vil også gjelde andre grupper som ferdast i trafikken.

Utkast til plan blir sendt til høyring i barnehagane, skolane, kommunalt foreldreutval, ungdomsråd, råd for mennesker med nedsett funksjonsevne og eldreråd før den blir lagt fram for politisk behandling. Planen har fokus på dagens situasjon, utfordringar på ulike område, handlingsplan for haldningsskapande arbeid og handlingsplan for fysiske tiltak.

Ledergruppa er styringsgruppe for planen, som skal rullerast årleg.

For arbeidsgruppa: Kari Hølmo Holen

2. VISJON OG MÅLSETJING

2.1 Visjon

Sel kommune har, som Oppland fylkeskommune, nullvisjon i forhold til trafikksikkerhetsarbeidet. Dette inneber at alle trafikantar innafor kommunen skal kunne ferdast trygt i trafikken. Ingen skal bli drepne eller hardt skadd i trafikken i Sel.

2.2 Målsetjing

Trafikksikkerhetsplanen skal vere reiskap for kommunen til å planleggje tiltak langs kommunen sine vegar, og føre til betre sikkerheit for trafikantane.

- Trafikksikkerhetsplanen skal leggje til rette og samordne arbeidet med trafikksikring i kommunen.
- Trafikksikkerhetsplanen skal vere særleg retta mot haldningsarbeid, i tillegg til at handlingsplanen har prioritert fysiske tiltak.
- Kommunalt trafikksikringsarbeid er avhengig av lokalt engasjement, samordning og tverrsektoriell tenking.

3. OVERSIKT OVER VEGNETTET

Sel kommune har eit areal på 910 kvm² og eit folketal pr 01.10.2011 på 6002 innbyggjarar. Kommunen har vegar av ulike kategoriar – riksvegar, fylkesvegar, kommunale vegar og private vegar.

Riks- og fylkesvegane er eigd av stat og fylkeskommune, og er forvalta av Statens vegvesen.

På disse vegane trengs det en god del midlar for betre trafikksikring – det går m.a. på ljossetting, skille mjuke og harde trafikantar, fartsregulering, sikring mot elv m.m.

Trafikksikring vil også vere viktig i beredskapssituasjonar, med krav til samhandling mellom planverka.

Barnehagebarna blir i stor grad kjørt til barnehagen av foreldra, likeeins blir ein del elevar også kjørt til skolen. Det må difor leggjast vekt på gode tiltak der av- og påstigning skjer for å unngå ulykker. Vidare er haldningsarbeid viktig.

Det skal i størst mogleg grad vere lagt til rette for at barn skal kunne gå til skolen, der avstand er innafor godkjent grense.

Når ny E6 kjem, vil det vere viktig å vurdere gang-, sykkelveg og tilkomst.

Riksvegar: E6 frå Rosten til Sjoa langs Gudbrandsdalslågen , Riksveg 15 frå Otta til Vågå langs Ottaelva og Riksveg 257 frå Sjoa til Randsverk langs Sjoa.

Tabell 1 – Oversikt over vegnettet

Riksveg-/Europavegar	46,630 km.
Fylkesvegar	115,046 km
Kommunale vegar	63,453km
Gang- og sykkelvegar	11,862 km

4. ORGANISERING AV TRAFIKKSIKRINGSARBEIDET

Staten:

Samferdselsdepartementet har eit overordna ansvar for trafikksikringsarbeidet i Noreg. Vegdirektoratet er fagorgan for trafikksikringsarbeidet, og har eit overordna ansvar for vegplanlegging, vegbygging, føraropplæring m.m.

Fylkeskommunen:

Fylkeskommunen har ansvar for å samordne trafikksikringsarbeidet i fylket. Dette er i Oppland lagt til fylkestrafikksikkerheitsutvalget (FTS)

Kommunen:

Kommunen står fritt i korleis trafikksikringsarbeidet er organisert. Det overordna ansvaret er lagt til kommunestyret,

Kommunen har ikke eige utval for trafikksikkerheit. I den grad det er lagt opp til politisk behandling, skjer behandling i driftsutvalg og kommunestyre.

Administrativ ledergruppe er styringsgruppe for arbeidet, medan konkret oppfølging er lagt til virksomheitene, m.a. slik:

- ✓ Teknisk drift har ansvar for oppfølging på vegnettet i samarbeid med fylke og vegvesen
- ✓ Barnehagane har ansvar for oppfølging i barnehagane.
- ✓ Rektorane har ansvar for oppfølging i skolane.
- ✓ Flyktningekonsulent i samarbeid med vaksenopplæringa har ansvar for oppfølging. overfor flyktningar/asylsøkjjarar.

5. REGISTRERINGAR OG PROBLEMANALYSE

Tabell 1: Virkemidlar i det kommunale trafikksikkerheitsarbeidet

Virkemidlar	Direkte underlagt kommunen	Kommunal deltaking gjennom samarbeid med og påverknad av fylke, stat og organisasjonar
Tiltak på kommunale vegar	X	
Tiltak på fylkesvegar og riksvegar		X
Arealplanlegging/lokalisering	X	
Trafikkopplæring i barnehage og grunnskole	X	
Trafikkopplæring i vidaregåande skole		X
Overvaking og kontroll		X
Tiltak utanfor det tradisjonelle trafikksikkerheitsarbeidet (tiltak mot rusmidlar, kriminalitet)	X	X

I tabellen er det skilt mellom virkemidlar som er direkte underlagt kommunen (løyving og utføring) og det som er forvalta av organ/organisasjonar på anna forvaltningsnivå.

Kommunen har ansvar for tiltak og gjennomføring på det kommunale vegnettet. For fylkesvegnettet kan kommunen spela ei aktiv rolle ved å fremje forslag til tiltak, og påverke prioriteringar som blir gjort på fylkes- eller nasjonalt nivå.

Frå 2001 er det eit krav at kommunane har ein politisk vedtatt trafikksikringsplan, for å bli tildelt kommunal støtte til planlegging og gjennomføring av tiltak.

Tabell 2: Retningslinjer for tildeling av midlar

1.	Tiltak må vere beskrive og stadfesta (område, strekning, punkt)
2.	Tiltak må vere grunngeve
3.	Det er krav til kostnadsoverslag
4.	Det må føreligge finansieringsoversikt
5.	Tidsplan for gjennomføring
6.	Tiltaka må vere prioritert

Tabell 3 Skoleskyss – (Oppland fylkeskommune organiserar skoleskyssen).

Skole	Elevtal pr. 01.10.2011	Skysselevar pr. 01.10.2011
Otta skole	279	80
Sel skule	68	8
Heidal skule	175	93
Otta ungdomsskole	180	87

Regelverk for skoleskyss følgjer sentrale retningslinjer – Opplæringslova

§ 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskolen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Dei siste åra har det vore gjennomført fysiske tiltak for å sikre mjuke trafikantar, slik som utbygging av gangvegnettet i Heidal og på Sel, gateljos og fartsdemparar.

Utbygging av ny E6 vil føre til at omsyn til trafikksikring blir vektlagt. Vidare er det i fleire omgangar peikt på behov for endra kjøremønster i krysset ved apotekbrua, og rundkjøring i krysset E6 – RV15. Dette er noko ein må koma tilbake til i plansamanheng når vegvalet er avklart.

- ✓ Siste året er det registrert 3 ulykker med personskade.
- ✓ Ulykkene har skjedd i Heidal og på Otta
- ✓ Ulykkene er registrert hos politiet
- ✓ Oversikt over kategori av ramma:

6. INNSATSOMRÅDE, TILTAK OG ANSVARLEGE

6.1 Trafikkopplæring i barnehage

- ✓ For transport i barnehagen sin regi må det bli stilt krav og vere klare reglar både for egne tilsette og ved innleigd transport, m.a. krav til sikring.

- ✓ Foreldre skal skrive under på skjema som syner på kva måte dei ønskjer at barna skal bli transportert på.
- ✓ Vaksne er rollemodellar – og trafikksikring skal ha fokus på personalmøte og foreldremøte.
- ✓ Trafikksikksikker bringing og henting av barn skal ha fokus, da dette er ei utfordring ved fleire av barnehagane, særleg der dei er lokalisert ved sida av skolane. Det gjeld m.a. Heidal, Sel og Smurfen barnehage.
- ✓ Trafikkopplæring blir lagt inn i årshjulet til barnehagen, dette gjeld også førebuing til skolestart der barna skal bli kjent med skolevegen.
- ✓ Trafikkopplæring i barnehagen – bruke opplegg frå Trygg Trafikk (Tarkus).

6.2 Trafikkopplæring og trafikksikring i grunnskolen

- ✓ Plan for trafikksikringsarbeidet for alle skulane med vekt på kompetansemåla i Kunnskapsløftet etter 4., 7. og 10. trinn. Nytt ressurs frå <http://www.trafikkogskole.no>
- ✓ Haldningsarbeid for trygg ferdsel på skulevegen - anten dei går, sykklar eller tar bussen. Foreta praktisk opplæring.
- ✓ Hjelm – stille krav om bruk av hjelm, ingen hjelm – ingen sykkel.
- ✓ Refleks – motivere til refleksbruk. Foreta demonstrasjonar.
- ✓ Samarbeid heim – skole (FAU og KFU) Felles mål og tankar.
- ✓ Vaksne som rollemodellar – bevisstgjer.
- ✓ Foreldrekjøring – trygt fram og tilbake, og trygg av- og påstigning, avklare plass.
- ✓ Sikring av barn i bil og buss. Ingen bil eller buss er i gang før dette er på plass. (det er framleis skolebussar i drift utan setebelte)
- ✓ Sikre tilkomst til skolane – m.a. fotgjengarfelt eller overgang/undergang ved Heidal skule.

6.3 Trafikksikring i vidaregåande opplæring

Sikre god og trygg ferdsel innafør skolen sitt område, mellom skolen og Ottahallen og på klasseturar/ekskursjonar ved å:

- ✓ Kjøre på tilviste område/på vegen og parkere på rette plassar
- ✓ Halde fartsgrensa og vere spesielt påpasseleg innafør skolen sitt område
- ✓ Bruke bilbelte og refleks
- ✓ Ikkje akseptere privat kjøring på tur/ekskursjonar
- ✓ Følgje opp trafikksikkerheitsdag for russen
- ✓ Ha trafikk som tema ved skolestart
- ✓ Ha tilsette som gode rollemodellar

6.4 Helsetenesta

- ✓ Helsesøstertenesta - rettleie ved barnekontroll om utstyr for sikring av barn i bil
- ✓ Legetenesta – gje informasjon om faren ved kombinasjon legemidlar og bilkjøring

6.5 Frivillige organisasjonar

- ✓ Leiarar og foreldre som gode rollemodellar
- ✓ Bruke bilbelte og leggje vekt på sikker kjøring til og frå trening og konkurranser

- ✓ Tilkott til frivillig arbeid – kan evt setje vilkår om forhold i trafikken

6.6 Eldre og funksjonshemma

- ✓ Auke oppslutning om 65 + (her kan eldrerådet ha ei rolle)
- ✓ Større fokus på ruspåvirka kjøring (medikamentbruk – trekantmedisiner) Ta det opp med legane.
- ✓ Universell utforming – framkommelegheit – (får eit prosjekt i Otta som gjeld regionsenterutvikling og vekt på universell utfordring)
- ✓ Auke fokus på refleksbruk (ta opp dette i eldrerådet)

6.7 Risikogrupper

- ✓ Ulykkesutsett ungdom
- ✓ Ruspåverka sjåførar
- ✓ Innvandrarar – få inn tiltak som gjeld bruk av bilbelte, sikring av barn i bil, refleks og sykkelhjelm i introduksjons-programmet

6.8 Trafikksikkerheit som del av HMS-arbeidet i kommunen (internkontroll)

- ✓ Det må skapast ein trafikksikkerheitskultur i kommunen.
- ✓ Trafikksikkerheit blir innarbeidd som del av kommunale regelverk – for tenestereiser, bruk av kommunebilane etc.

7. HANDLINGSPLAN - FØREBYGGING

6.1 Førebyggjande tiltak – opplæring og haldningsskapande arbeid

	Målgruppe	Tiltak	Ansvar	Kostnad	År	Prioritet	Utført
1.	Barn i barnehagane	Alle deltar på Trygg trafikk sine opplegg – lage årsjul	Styrar	Tid	2012	1	
2.	Elevar i 10. trinn	Ekskursjon til Norsk Vegmuseum for trinn	Rektor / Trygg trafikk	Tid	2012	1	
3.	Elevar i grunnskolen	Trafikksikringsplanar – kompetansemål – lage årshjul.	Rektor	Tid og ½ rammetime ved kvar skule	2012	1	
4.	Elevar ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skole	Trafikksikringsplan - Årshjul	Rektor	Tid	2012	1	
5.	Informasjon om medikamentbruk og bilkjøring	Helsetenesta			2012	1	
6.	Innvandraran	Trafikkunnskap i norskopplæringa for å skape gode haldningar	Vaksenopplæring	Tid	2012	1	
7.	Oppfriskningskurs for eldre bilførarar	Eldrerådet			2013	2	
8.	Søkje om kommunale trafikksikringsmidlar	VO-leder teknisk drift			2012	1	
9.	Tilsette	Haldningsarbeid i trafikken	Adm. sjefen	Tid	2012	1	
10.	Kontroll- og patrulje verksemd nær barnehagar, skolar og øvrig vegnett	Politiet			2012 - 2013	2	
11.	Planarbeid	Universell utforming av det offentlege rom – informasjon om regelverket	SK/OFK/SVV		Ikkje sett		

8. HANDLINGPLAN - FYSISKE TILTAK

	Tiltak på vegnettet	Ansvar	Kostnad	År	Prioritet	Utført
1.	Betre gateljos Heidal	SK		2012	Nr. 1	
2.	Fysisk fartshemmande tiltak Tytingvegen	SK		2012	Nr. 1	
3.	Gateljos Dahle	SK		2012	Nr. 1	
4.	Nytt rekkverk ved Dahleåa	SK		2012	Nr. 1	
5.	Over-/undergang Heidal skule -Heidalshallen	SVV		2012	Nr. 1	
6.	Rekkverk/autovern Brattråket - forlenging			2012	Nr. 1	
7.	Rekkverk/autovern Hjellumvegen			2012		
8.	Sikring av fjellvegg/gangveg Hjellum	SK		2012	Nr.2	
9.	Utvide snuplass Liavegen	SK		2012	Nr. 2	
10.	Utvide snuplass – rekkverk Liavegen	SK		2012	Nr. 2	
11.	Veg til Sel barnehage	SK		2012	Nr. 2	
12.	Vurdere einvegskjøring Ringvegen	SK		2012	Nr. 2	
13.	Busslomme Kongsvegen - Gamlevegen	SK		2013	Nr. 3	
14.	Gateljos industriområdet Sandbumoen	SK		2013	Nr. 3	
15.	Gateljos Moavegen - Bjølstadmo	SK		2013	Nr. 3	
16.	Natursti/trafikkløype i Sel barnehage/skole	SK		2013	Nr. 3	
17.	Vegljos langs Ulavegen til kyrkja og Ulvoldsvegen	SK		2013	Nr. 3	
18.	Forlengte fortau og fysisk skille - Skansen	SK		2013-15	Ikkje sett	
19.	Fysisk skille mellom g-/s-veg Moavegen	SK		2013-15	Ikkje sett	
20.	Brusamband Øya	SK/SVV		2014	Ikkje sett	
21.	Gangveg Ådalsvegen - Dahle	SK		2014	Ikkje sett	
22.	Avkjøringsfil i krysset E6 - Kongsvegen	SVV		Ikkje sett	Ikkje sett	
23.	Avkjøringsfil Øverbygdsvegen Heidal	SVV		Ikkje sett	Ikkje sett	
24.	Forlengte g-/s-veg Laurgårdsjordet – Steinvegen	SK		Ikkje sett	Ikkje sett	
25.	Fortau langs FV 444 til			Ikkje sett	Ikkje sett	

	Blekalia og Steindalsvegen					
26.	G-/s-veg Heidal skule – Heidal kyrkje langs RV 257	SVV		Ikkje sett	Ikkje sett	
27.	G-/s-veg Nerøygard - Selsvatnet	SVV		Ikkje sett	Ikkje sett	
28.	G-/s-veg Romundgard – Sel stasjon	SVV		Ikkje sett	Ikkje sett	
29.	Gateljos på g-/s-veg Kringen -Sandbumoen	SVV		Ikkje sett	Ikkje sett	
30.	Merke gangfelt Sel kyrkje og Jørundgård	SVV		Ikkje sett	Ikkje sett	
31.	Reasfaltere Fyruvegen – Selsverket			Ikkje sett	Ikkje sett	
32.	Reasfaltere Ulavegen			Ikkje sett	Ikkje sett	
33.	Rekkverk langs fiskesti Selsvatnet	SVV		Ikkje sett	Ikkje sett	